**Organisasjon og tilsetjing**

# Individuell oppgåve

**Oppgåve 1: Skriv rett fagord til rett forklaring.**

| | | |
|---|---|---|
| forretningsmodell | samarbeidsformer | horisontalt samarbeid |
| fagforeining | organisasjon | vertikalt samarbeid |
| teieplikt | bemanning | HR-avdeling |

| |
|---|
| 1. Ein _____ er ei gruppe menneske som arbeider for å nå eit felles mål, og handlar ofte om å organisere arbeidet innanfor ei bedrift. |
| 2. _____ er kor mange personar som er tilgjengelege for å utføre ein bestemt jobb eller arbeide i ei bedrift. |
| 3. _____ innan service, handel og reiseliv er måtar bedrifter jobbar på for å klare å vekse og lukkast i marknaden. |
| 4. _____ tyder at bedrifter eller aktørar samarbeider, sjølv om dei er på ulike nivå i leveringskjeda, for å oppnå felles mål. |
| 5. _____ tyder at bedrifter eller aktørar som er på omtrent same nivå i ein bransje, samarbeider for å oppnå felles mål. |

| |
|---|
| 6. Ein _____ beskriv kort korleis bedrifta skal tene pengar på forretningsidéen, og definerer kva bedrifta skal selje, kven kundane og konkurrentane er, korleis vara skal seljast, og korleis bedrifta skal ta betalt. |
| 7. _____ er bedrifta si personalavdeling og arbeider mellom anna med tilsettingar i bedrifta. |
| 8. _____ i bedrifta er informasjon som du ikkje kan dele med andre, til dømes forretningshemmelegheiter eller sensitiv informasjon om tilsette og kundar. |
| 9. Ei _____ er ein organisasjon som jobbar for å ivareta interessene til arbeidstakarar innanfor ein bestemt bransje eller yrkesgruppe. |

**Oppgåve 2: Set strek mellom rett fagord og bilete.**



kjede




personleg nettverk




stillingsutlysning



signere



inkluderende arbeidsliv (IA)




organisasjonskart



intervju



medarbeidersamtale

**Oppgåve 2: Skriv forklaringa.**

a) Finn fagordet «verksemd».
Skriv forklaringa.



b) Finn fagordet «arbeidstilsynet».
Skriv forklaringa.

Arbeidstilsynet

c) Finn fagordet «medarbeidersamtale».
Skriv forklaringa.



d) Finn fagordet «forretningsplan».
Skriv forklaringa.

**Forretningsplan**

- Innleiing
- Forretningsidé
- Marknadsplan
- Produkt/teneste og produksjon
- Økonomi og budsjett

e) Finn eit fagord du ikkje kan frå før.
Skriv forklaringa.

**Oppgåve 4: Skriv ein tekst.**

- Du skal skrive ein tekst på 150-300 ord.
- Du skal bruke 10 fagord eller fleire.
- Vel oppgåve a) eller b).

**a) Du arbeider som lærling på eit hotell. Beskriv korleis verksemda er bygd opp (til dømes organisasjonskartet og samarbeidsformene). Vurder om arbeidsmiljøet er inkluderande for alle.**

**Døme på fagord som du kan bruke:**
organisasjon, organisasjonskart, verksemd, forretningsmodell, samarbeidsformer, vertikalt samarbeid, horisontalt samarbeid, HR-avdeling, bemanning, fagforeining, inkluderende arbeidsliv (IA) og kjede.



**Du kan òg bruke andre viktige fagord frå KLAR app:**
arbeidsmiljø, yrkesetikk, verdiar, haldningar, miljøfyrtårn, kommunikasjon og bedriftskultur.

**b) Skriv om korleis ein rekrutteringsprosess skjer.**

**Døme på fagord som du kan bruke:** stillingsutlysning, rekrutteringsprosess, intervju, referanse, arbeidskontrakt, signere, teieplikt, bemanning, inkluderende arbeidsliv (IA), fagforeining og personleg nettverk.

**Du kan òg bruke andre viktige fagord frå KLAR app:**
arbeidsgivar, arbeidstakar, arbeidsinstruks, arbeidsmiljølova og mellombels tilsett.